

# Tur nr 06 Sengjaberget

Flott utsyn over Skjolden,  
Lusterfjorden og Eidsvatnet.

**Parkering:** Parker på plassen ved Fjordstova i Skjolden sentrum.  
N 61°29'29" E 07°36'13"  
**Sone 32 N 6818296 E 425385**

**Tid:** Ein time., (Total gangtid tur –retur )  
**Høgde:** 10– 120 moh  
**Lengd:** 3,4 km tur-retur  
**Kart:** Lusterfjorden 14171(1:50000), eller Breheimen (1: 100 000)  
**Post:** På forlenginga av stien 400 meter forbi Sengjaberget.  
**Merking:** Bilveg + O-merka sti

## Vegen:

- Følg Høgemovegen mot Bolstad.
- Ta til høgre i vegskilet til Fløyen.
- Ta til høgre der vegen flatar ut og gå vidare på **skogstien** mot Sengjaberget. Følg stien 320 m til du er framme.

N 61°29'35" E 07°36'46"  
**Sone 32 N 6818493 E426140**

NB Posten ligg på framhaldet av stien om lag 300 meter forbi Sengjaberget.



## Sengjaberget

har fått namn etter **bergformasjonane** på staden. Berget har form som benker eller senger, og er godt å sitja på.

Sengjaberget er det mest besøkte utsiktspunktet i Skjolden. Herifrå har ein godt utsyn over Eidsvatnet og Eidselva som er den nederste delen av Fortunselva.

På sørsida av elva ligg **garden Eide** som er ein av dei største gardane i Sogn og Fjordane med om lag 300 mål innmark. Nærast vatnet ligg **Nymoens Camping**.

**Betongkaien** ved fjorden på sørsida av elva vart bygd i samband med vasskraftutbygginga på 50-talet. ( Kraftstasjonen ligg i Fortun.)

Ved fjorden til høgre ligg grenda **Fjøsnane**, og fjellet lengst ute er **Molden**. Også eit flott utsiktspunkt over Lusterfjorden.



Vi ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!  
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk